
Fra: Vidar Mjøs <vidar-mj@online.no>
Sendt: fredag 22. juni 2018 12.48
Til: Tonje Nepstad Epland
Kopi: 'Håkon Zakariassen'; Postmottak Radøy; Jon Askeland; Jarle Landås;
Christel Villanger Håland
Emne: SV: SV: Fløholmen småbåthamn

Mane takk.

Eg har ikkje tenkt å «starta prosessar som ikkje kan føra fram».

Det er no tale om å få legalisert eit tidlegare omsøkt – og politisk klarert - tiltak.

Dette vil – om alle legg godvilje til – kunna gjerast for ein rimeleg penge.

Mvh
Siv. ing. Vidar Mjøs
vidar-mj@online.no
mob 907 88 921

Fra: Tonje Nepstad Epland <tonje.epland@radoy.kommune.no>
Sendt: 22. juni 2018 12:01
Til: Vidar Mjøs <vidar-mj@online.no>
Kopi: Håkon Zakariassen <post@floholmen.no>; Postmottak Radøy
<postmottak@radoy.kommune.no>; Jon Askeland <jon.askeland@radoy.kommune.no>; Jarle Landås
<Jarle.Landas@radoy.kommune.no>; Christel Villanger Håland <christel@villanger.net>
Emne: Re: SV: Fløholmen småbåthamn

Nabolistar vert levert av sørvistorget uavhengig av vår dialog i saken.

Eg har forsøkt å rettleie deg for å unngå at du startar prosessar som ikkje kan føre fram og som pådrar nye kostnader for dykkar kunde.

Helsing
Radøy kommune

Tonje Nepstad Epland
Leiar teknisk forvaltning

22. jun. 2018 kl. 11:16 skrev Vidar Mjøs <vidar-mj@online.no>:

Mange takk for raskt svar.

Eg finn svaret noko uklårt, og i strid med vanlege rettsreglar.

Det seier seg sjølv at kommunen ikkje kan nekta å handsama søknad om tiltak med tilvising til at den same kommunen - og handsamaren - har stoppa arbeidet med reguleringssaka.

Eg forstår deg slik at du meiner at kommunen ikkje skal bidra med etterspurd eigedomsinformasjon.

Me får då nøya seg med det me har frå den første nabovarslinga, og supplera med opplysningar frå Infoland.

Mvh
Siv. ing. Vidar Mjøs
vidar-mj@online.no
mob 907 88 921

Fra: Tonje Nepstad Epland <tonje.epland@radoy.kommune.no>
Sendt: 22. juni 2018 10:39
Til: 'Vidar Mjøs' <vidar-mj@online.no>
Kopi: 'Håkon Zakariassen' <post@floholmen.no>; Postmottak Radøy <postmottak@radoy.kommune.no>; Jon Askeland <jon.askeland@radoy.kommune.no>; Jarle Landås <Jarle.Landas@radoy.kommune.no>; Christel Villanger Håland <christel@villanger.net>
Emne: SV: Fløholmen småbåthamn

Som du er kjent med er det plankrav på småbåtområdet. Det kan følgeleg ikkje søkjast om løyve til tiltak før det ligg føre ein godkjent reguleringsplan. Kommunen sin handsamingsplikt av ein søknad i strid med plan er avgrensa til avvisningsvedtak utan realitetshandsaming.

Tonje Nepstad Epland
Leiar teknisk forvaltning

Radøy kommune
Radøyvegen 1690, 5936 Manger
Tlf.dir: 56 34 90 50
E-post: tonje.epland@radoy.kommune.no

<image001.jpg>

Fra: Vidar Mjøs [<mailto:vidar-mj@online.no>]
Sendt: fredag 22. juni 2018 10.07
Til: Tonje Nepstad Epland
Kopi: 'Håkon Zakariassen'; Postmottak Radøy; Jon Askeland; Jarle Landås; Christel Villanger Håland
Emne: SV: Fløholmen småbåthamn

Takk for svar.

Dette gjeld utkast til eit nytt nabovarsel - som grunnlag for ny søknad om tiltak, no avgrensa til båthamna.

Eg antar at retten til å varsla og søkja er fri for alle, og at det offentlege forvaltningsapparatet har handsamingsplikt.

Oppstart av reguleringsplanarbeid vart varsla 11. 11. 2010, planframlegget er levert (januar 2011) og politisk klarert for offentlig ettersyn (mars 2011). Dersom kommunen er interessert, stiller eg gjerne opp i endå eit møte om denne saka, dersom ordførar og rådmann kan delta og bidra med fakta og gode råd.

Mvh
Siv. ing. Vidar Mjøs
vidar-mj@online.no
mob 907 88 921

Fra: Tonje Nepstad Epland <tonje.epland@radoy.kommune.no>
Sendt: 20. juni 2018 16:12
Til: 'Vidar Mjøs' <vidar-mj@online.no>
Kopi: Håkon Zakariassen <post@floholmen.no>; Postmottak Radøy <postmottak@radoy.kommune.no>
Emne: SV: Fløholmen småbåthamn

Radøy kommune gjer merksam på at dykk ikkje har høve til å varsle oppstart av privat planarbeid utan at det på førehand er halde obligatorisk oppstartsmøte med kommunen, jf. plan- og bygningslova § 12-8:

Når planarbeidet igangsettes, skal berørte offentlige organer og andre interesserte varsles. Når forslagsstilleren er en annen enn planmyndigheten selv, skal planspørsmålet først legges fram for planmyndigheten i møte.

Helsing
Tonje Nepstad Epland
Leiar teknisk forvaltning

Radøy kommune
Radøyvegen 1690, 5936 Manger
Tlf.dir: 56 34 90 50
E-post: tonje.epland@radoy.kommune.no

<image002.jpg>

Fra: Vidar Mjøs [<mailto:vidar-mj@online.no>]
Sendt: onsdag 20. juni 2018 14.39
Til: Postmottak Radøy
Kopi: Håkon Zakariassen; Christel Villanger Håland; Jon Askeland; Jarle Landås; Tonje Nepstad Epland
Emne: Fløholmen småbåthamn

Kan kommunen levera oppdatert adresseliste, jamfør vedlagte utkast til nytt nabovarsel ?

Mvh

Siv. ing. Vidar Mjøs
vidar-mj@online.no
mob 907 88 921